

# Ordinært styremøte 2/2024

6. juni 2024

<b>Til stades:</b>	Ingrid Vad Nilsen, Erik Bolstad, Heidi-Iren Wedlog Olsen, Sjur Nørstebø Moshagen
<b>Frå Språkrådet:</b>	Åse Wetås (direktør) og Gunnhild Wiggen (seniorrådgjevar)
<b>Fråverande:</b>	Marianne Aasgaard og Ann Helen Langaker
<b>Møtestad:</b>	Språkrådets lokale
<b>Møtetid:</b>	10:00–14:30
<b>Møteleiar:</b>	Ingrid Vad Nilsen
<b>Referent:</b>	Gunnhild Wiggen

## Sakliste:

### **Konstituering**

S 21/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 22/24 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 16. februar 2024

### **Informasjonssaker**

S 23/24 Orienteringssaker v/direktøren (ingen sakspapir)

S 24/24 Referat frå etatstyringsmøte 16. april 2024

S 25/24 Nytt frå fagråda

S 26/24 Høyringar

S 27/24 Mediesaker

S 28/24 Hovudresultat frå tilsynet med bokmål og nynorsk i staten 2023

S 29/24 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. april 2024

### **Vedtaksaker**

S 30/24 Språkrådets vedtekter

S 31/24 Normeringssaker

S 32/24 Utfyllande reglar for skrivemåten av norske og kvenske stadnamn

S 33/24 Språkrådets innspel til målstruktur 2025

S 34/24 Program studietur Sunnmøre

S 35/24 Teiknspråkprisen – instilling og grunngjeving [u.off.]

### **Drøftingssaker**

S 36/24 Strategisk plan 2025–2028

S 37/24 Budsjetttinnspel 2026

S 38/24 Språkstatus 2025

S 39/24 Eventuelt

# Konstituering

## **S 21/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 6. juni 2024

**Referat:** *Ved ein inkurie låg også eit eldre styrereferat ved referatsaka. Styret blei bedne om å sjå bort frå dette dokumentet.*

*Habilitet: Det blei ikkje meldt om bindingar med konsekvensar for saksbehandlinga.*

**Vedtak:** Styret godkjenner innkallinga og saklista. Habiliteten er vurdert.

## **S 22/24 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 16. februar 2024**

**Sakspapir:** Utkast til protokoll frå styremøtet 16. februar 2024

**Referat:** *Ingen innspel.*

**Vedtak:** Styret godkjenner protokollen.

# Informasjonssaker

## **S 23/24 Orienteringssaker v/direktøren**

**Sakspapir:** Ingen

*Direktøren refererte om desse sakene:*

### Verksemdinterne saker:

*Språkrådet har tilsett to nye medarbeidarar nyleg: éin person i tilsynet og éin som minoritetsspråkrådgjevar. I tillegg blir seniorrådgjevarstillinga for skule og grunnopplæring ledig i sommar. Vi ventar med å lyse ut denne stillinga til over sumaren.*

*Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved UiO har invitert Språkrådet til å samarbeide om ei treårig praksisstilling der ein tilsett i Språkrådet går inn i ei 20 % stilling som universitetslektor ved universitetet for å kome nærare praksisfeltet og få meir kontakt med studentar. Vi ser positivt på forslaget.*

*Språkrådet har sett ned ei arbeidsgruppe som jobbar vidare med justeringar i organisasjonsstrukturen etter forarbeidet som vart sett i gang på personalseminaret vårt før jul. Språkrådet ønskjer å unngå silodanning og bli betre til å arbeide på tvers av seksjonane. Innspela frå arbeidsgruppa skulle vore leverte no før sumaren, men er forsinka pga. streik.*

*Styret ser av rekneskapen at Språkrådet stadig har eit høgt sjukefråvær. Dette er ei problemstilling som dessverre er lik i mange andre verksemdar i staten. Språkrådet arbeider aktivt for å betre situasjonen.*

Fagsaker:

12. juni går Språkrådet på lufta med nye nettsider. Dette har vore eit stort prosjekt, med mykje nyskriving og mykje sanering. Vi samlar dessutan alle dei tidlegare domena våre under eitt.

Denne veka leverte Språkrådet ein rapport saman med NTNU om rolla, kompetansen og ansvaret til norsklæraren.

Sentrale funn:

- Dei fleste lærarar melder at dei opparbeider seg kompetanse i norskfaget først når dei er komne ut i praksisfeltet. Lærarutdanninga gjev altså ikkje godt nok grunnlag på førehand.
- Lærarane opplever at elevane har kort konsentrasjonsspenn. Skriveopplæringa lid under dette, og skrivekompetansen går ned. Dette viser også kompetanseprøver.
- Lærarane melder at dei føler seg dårleg rusta til å undervise i sidemål, og mange rapporterer at dei difor gjer det derfor så lite som mogleg.

I mai delte digitaliserings- og forvaltningsministeren ut klarspråksprisane. Språkrådet er sekretariat for juryens arbeid med prisane og medarrangør for prisutdelinga.

7. juni arrangerer Språkrådet eit klarspråksseminar saman med KS der den nye internasjonale klarspråksstandarden skal lanserast i norsk språkdrakt.

Vi planlegg to arrangement på Arendalsveka, eitt om læremiddel for høgare utdanning og eitt om språkteknologi på nynorsk.

Språkrådet gjorde nyleg eit utspel i pressa om språk i eksamensoppgåvene til avgangseksamen i vidaregåande skule. I norskeksamen i 3. klasse var dei nynorske versjonane av eksamensspørsmåla prega av til dels grove feil. Dette er svært uheldig for elevane. Vi følgjer opp saka vidare gjennom tilsynet med Udir (som ledd i meir vektlegging av etterlevinga av § 16 i språklova (om naudsynt skrivekompetanse i verksemdene)).

Vi har gjort ei endring i samhandlinga vår med Udir. Vi har no møte på avdelingsleiarnivå for betre å få Udir til å ta det språkpolitiske ansvaret som ligg til dei som utdanningsmyndigheit.

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **S 24/24 Referat frå etatstyringsmøte 16. april 2024**

**Sakspapir:** Referat frå etatstyringsmøte

**Referat:**

På etatstyringsmøtet 16. april uttrykte KUD ønske om forenkling av Språkrådets årsrapportering. Også målformuleringane til Språkrådet bør forenklast. Språkrådet etterlyste forskrifter til språklova og rettleiar for sektoransvar. Sektorrettleiaren er no landa i utkasts form og skal testast ut på eitt departement før han blir rulla ut for fullt.

Språkrådets prioriteringar var òg tema på møtet. Vi viser til sakspapira.

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **S 25/24 Nytt frå fagråda**

**Sakspapir:** Notat frå fagrådssekretæranane

**Referat:**

*Normeringssaker som fagrådet jobbar med i år, blir lagde fram for styret på junimøtet neste år.*

*Styret har fleire innspel om prinsippa som ligg til grunn for normering, særleg normeringa av stadnamn. Fleire av styremedlemmane meiner dessutan at Språkrådet som fagorgan burde ha meir makt i normeringa av utanlandske stadnamn.*

*Vi tek opp at diskusjonen seinare og viser elles til sakspapira.*

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **S 26/24 Høyringar**

**Sakspapir:** Notat med lenkje til Språkrådets høyringar

**Referat:**

*Direktøren trekkjer særleg fram høyringssvaret til sannings- og forsoningskommisjonens rapport. Språkrådet har i svaret vårt peikt på at vi har behov for meir kartlegging for å kunne drive meir målretta revitaliseringsarbeid. Styret set pris på poengteringa.*

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **S 27/24 Mediesaker**

**Sakspapir:** Notat frå kommunikasjonsavdelinga

**Referat:**

*Styret har fått eit utval relevante mediesaker som viser mangfaldet i det Språkrådet engasjerer seg i. Styret er kopla på nyheitsvarslinga vår, slik at dei kan halde seg laupande orienterte.*

*Vi får stadig fleire abonnentar til nyheitsbrevane våre.*

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **S 28/24 Hovudresultat frå tilsynet med bokmål og nynorsk i staten i 2023**

**Sakspapir:** Notat frå avdelingsdirektør Margrethe Kvarenes

**Referat:**

*Vi ser gode tal etter tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i staten i 2023. Fleire statsorgan enn tidlegare svarer på eigenrapporteringa Språkrådet sender ut, og gjer det med det mogleg for oss å oppretthalde god dialog og gje gode og tilpassa råd. Fleire enn tidlegare viser full etterleving av dei paragrafane i språklova som vi fører tilsyn med.*

*Vi går vidare med oppfølgjande dialog med utvalde statsorgan og departement til hausten.*

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

## **S 29/24 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. april 2024**

**Sakspapir:** Notat frå seniorrådgjevar Jonatan E. Hegbom og stabssjef Jo Inge Fisketjøn

**Referat:**

*Rekneskapen viser berre mindre avvik. Prognosen er at vi skal nytte heile tildelinga i 2024.*

**Vedtak:** Styret tek rekneskapsrapporten av 30. april 2024 til orientering.

## Vedtaksaker

### **S 30/24 Språkrådets vedtekter**

**Sakspapir:** Notat frå seniorrådgjevar Jan Erik Bangsund og direktør Åse Wetås

**Referat:**

*I etterkant av etatstyringsmøtet med KUD i november 2023 har Språkrådet greidd ut saka om rådets vedtekter. Direktøren tilrår at vi bed KUD om å avvikle vedtektene og flyttar det som ikkje er spesifisert annanstad, til andre sentrale styringsdokument.*

*Styret er positive til endringsforslaget, men noterer samstundes at det er viktig med ein grundig prosess, slik at ikkje viktige reguleringar går tapt.*

**Vedtak:** Styret bed direktøren tilrå KUD å flytte vedtektsbestemmelsene til økonomi- og verksemdsinstruksen. Dersom vedtektene blir avvikla som eige dokument, skal Språkrådet utarbeide verksmedsinterne reglar for oppnemning til og drift av fagråda.

### **S 31/24 Normeringssaker**

**Sakspapir:** Notat frå fagrådet for normering og språkobservasjon v/seniorrådgjevar Sturla Berg-Olsen og avdelingsdirektør Daniel Gusfre Ims

**Referat:**

*I sakspapira ligg eit forslag til justering i normene i bokmål og nynorsk. Sakene har vore handsama i fagrådet i 2023/24.*

*Saka om norvagisering er utsett.*

**Vedtak:** Styret vedtek framlegga slik dei er formulerte i sakspapira [her: på bokmål]:

1. Normeringa av de følgende substantivene blir justert i bokmål og nynorsk slik tabellen nedenfor viser. Normeringa av sammensetninger med et av disse substantivene som etterledd skal følge normeringa av grunnordet.

substantiv	dagens norm i bokmål	dagens norm i nynorsk	forslag til ny norm	
			bokmål	nynorsk
<i>artefakt</i>	m	m	m/n	m/n
<i>ekstrakt</i> 'uttrekk, utkok'	m	m	m/n	m/n
<i>jippo</i>	n	n	m/n	m/n
<i>krampe</i>	m	m	m/f	m/f
<i>låt</i>	m	m	m/f	m/f
<i>manual</i> 'tangenter på orgel'	m	n	n	n
<i>raster</i>	n	m/n	n	n
<i>skyr</i>	m	n	m/n	m/n
<i>smell</i> 'skarp lyd; futt'	m/n	m/n	n	m/n
<i>smil</i>	m/n	m/n	n	m/n

(m = hankjønn, f = hunkjønn, n = intetkjønn)

2. Formen pellets tas inn som valgfri form ved siden av dagens form pellet i bokmål og nynorsk. Pellets skal ha regelmessig hankjønnsbøying slik tabellen nedenfor viser.

	dagens norm	ny norm
bokmål:	<i>pellet – pelleten – pelleter – pelletene</i>	<i>pellet – pelleten – pelleter – pelletene</i> eller <i>pellets – pelletsen – pelletser – pelletsene</i>
nynorsk:	<i>pellet – pelleten – pelletar – pelletane</i>	<i>pellet – pelleten – pelletar – pelletane</i> eller <i>pellets – pelletsen – pelletsar – pelletsane</i>

3. Normeringa av substantivene jus/juss 'faget' og resurs/ressurs blir justert i bokmål og nynorsk slik tabellen nedenfor viser.

	<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
bokmål og nynorsk:	<i>jus – jusen</i> eller <i>juss – jussen</i>	<i>jus – jussen</i> eller <i>juss – jussen</i>
	<i>resurs</i> eller <i>ressurs</i>	<i>ressurs</i>

4. I bokmål skal følgende gjelde geografiske navn av typen De vestindiske øyer/øyene (vedtaket avløser vedtaket om navn av denne typen fra 2005): I geografiske navn av typen Den/Det/De + adjektiv + substantiv kan substantivet stå i ubestemt eller bestemt form. Det gjelder også navn der et syntagme av denne typen følges av noe, f.eks. i Den demokratiske republikk(en) Kongo. Dersom tradisjon eller bruk tilsier det, kan enkelttilfeller normeres med den ene eller den andre formen.
5. Formen (et) trikk tas ut av bokmål slik at (et) triks blir stående som eneform

	<b>dagens norm</b>	<b>ny norm</b>
bokmål:	<i>(et) trikk</i> eller <i>(et) triks</i>	<i>(et) triks</i>

6. Koss 'korleis' tas inn i nynorsk som eget oppslagsord.
7. Etter vedtak i styret blir vedtakene under 1–6 over registrert i Norsk ordbank, kunngjort på passende måte av Språkrådet og ved anledning oppført i Bokmålsordboka og Nynorskordboka.

## **S 32/24      Utfyllende reglar for skrivemåten av norske og kvenske stadnamn**

**Sakspapir:** Notat med vedlegg frå fagrådet for stadnamn, seniorrådgjevar Ellen Hellebostad Toft, seniorrådgjevar Pål K. Eriksen og avdelingsdirektør Daniel Gusfre Ims

### **Referat:**

*Vi har sett at endringar i anna tilgrensande regelverk har ført til følgjefeil inn i stadnamnlovverket. Tida var derfor gunstig til å fremje forslag om utfyllande reglar no. Dei nye reglane har fått ny nummerering og betre overskrifter, slik at ein lettare kan vise til dei.*

*I arbeidet med dei kvenske stadnamna har Språkrådet støtt seg på kompetansen ved Kvensk institutt.*

*Styret ser ein risiko for at lokale, dialektale skrivemåtar vil gjere at norsk som fellesspråk på sikt ikkje lenger vil vere samfunnsberande for stadnamn; dialektale skrivemåtar kan etter kvart verke uforståelege for menneske utan lokal tilknytning eller kjennskap til den lokale dialekta.*

*Styret diskuterer formuleringane under punkt 6 (andre avsnittet), om endringar i samansette namneformer. Styret vurderer å fjerne formuleringa «som hovudregel» her. Styret diskuterer om ei slik endring vil få konsekvensar for eksisterande og etablerte skrivemåtar av namn. I*

*høyringsrundane har det ikkje kome innspel om kva som skal vere hovudregelen i slike samansette stadnamn. Vi veit derfor lite om praksis.*

*Forslag: Vi vurderer over tid korleis punktet vil få utslag i praksis.*

*Styret kjem med framlegg om eit nytt punkt 5 i vedtaket.*

- Vedtak:**
1. Styret vedtek dei reviderte reglane om skrivemåten av norske stadnamn (vedlegg 1).
  2. Styret vedtek reglane om skrivemåten av kvenske stadnamn (vedlegg 2).
  3. Dei vedtekne reglane blir sende til Kultur- og likestillingsdepartementet til godkjenning.
  4. Når reglane er godkjende av departementet, blir dei publiserte på Språkrådets nettsider og formidla til Norsk Lovtidend for publisering i Lovdata.
  5. Styret ønskjer å vurdere praksis når det gjeld punkt 6.2, og få ei sak om dette punktet på styremøtet i juni 2026.

## **S 33/24      Språkrådets innspel til målstruktur 2025**

**Sakspapir:**      Notat frå direktør Åse Wetås

**Referat:**

*Bestillinga frå departementet går ut på å forenkle Språkrådets målstruktur, med referanse til tillitsreforma i staten og til departementets ønskje, slik desse har kome fram gjennom etatstyringa.*

*Språkrådet har arbeidd for å kome bort frå ein målstruktur der alt tilsynelatande er likt vekta. Det samsvarer ikkje med røynda, verken internt i Språkrådet eller i samfunnet elles.*

*Styret synest dokumentet slik det er formulert no, stort sett er klart og godt. Særleg punktet om KI engasjerer styret, og korleis KI-produsert tekst vil påverke (bruken av breidda av) norma.*

*Styret ønskjer at dokumentet kunne synleggjere strukturen (enno) betre.*

*Styret ønskjer også at dokumentet skal bruke aktive verbformer som «er» («norsk språk er ...», «Språkrådet gjer slik og sånn», i staden for «Språkrådet skal bidra til ...» osv.), i staden for dei modale formuleringane. Det vil gjere det lettare å rapportere på måloppnåing.*

*Endring i formulering: frå «statsorgan» til «offentlege organ».*

- Vedtak:**      Styret bed om at Språkrådets innspel til målstruktur 2025 blir sendt over til Kultur- og likestillingsdepartementet med dei endringane som kom i møtet.

## **S 34/24      Program studietur Sunnmøre**

**Sakspapir:**      Utdelt i møtet.

**Referat:**



*Direktøren presenterer forslaget til opplegg for studietur til Ørsta og Volda i september. Føremålet med møtet er å bli kjende med sentrale nynorskinstitusjonar og andre relevante aktørar i området for å drøfte språkpolitiske tema knytte til Språkrådets samfunnsoppdrag.*

*Programframlegget omfattar møte med Nynorsk kultursentrum. Høgskulen i Volda (rektorat, språkpolitisk utval og Nynorsksenteret), Nynorsk bedriftsforum / aktuelle verksemder i Ulsteinvik.*

*Styremedlemene bed om å få bakgrunnsstoff i forkant for å vere best mogleg førebudde til gode samtalar med dei vi skal vitje.*

**Vedtak:** Styret vedtek framlegget.

### **S 35/24 Teiknspråkprisen – innstilling og grunngjeving [uts.off.]**

**Sakspapir:** Notat frå seniorrådgjevar Sonja Myhre Holten

**Referat:**

*Styret meiner juryen har funne ein god prisvinnar til årets teiknspråkpris.*

*Styreleiar seier ja til å dele ut prisen i direktør Åse Wetås' fråvær.*

**Vedtak:** Styret vedtek framlegget.

## Drøftingssaker

### **S 36/24 Strategisk plan 2025–2028**

**Sakspapir:** Notat frå direktør Åse Wetås

**Referat:**

*Språkrådet føreslår vesentlege forenklingar i den strategiske planen. Leiargruppa i Språkrådet har peika ut tre overordna hovudmål som alle gjeld norsk og det norske språkmangfaldet i samfunnet. Forslaget er utdjupa i saksdokumenta. Styret meiner forslaget speglar dei store samfunnstrendane på ein god måte.*

*Styret spesifiserer at særleg punktet om KI må vere tydeleg formulert.*

*Forslaget skal attende til styret i september.*

**Vedtak:** Styret bed sekretariatet arbeide vidare med utkastet til ny strategi med dei føringane som kom i møtet.

### **S 37/24 Budsjettinnspel 2026**

**Sakspapir:** Notat frå direktør Åse Wetås

**Referat:**

Saksnotatet set bakgrunnen for budsjettsøknaden for 2026, og peiker ut ei retning for budsjettsøknaden styret får på septembermøtet. Vi har fått signal frå KUD om at budsjettsituasjonen er stram.

Språkrådet trekkjer fram punktet om eit nytt fagmiljø for innsikt og analyse, i tillegg til vidareutvikling av ein tilsynsportal.

**Vedtak:** Styret bed direktøren leggje fram eit utkast til endeleg budsjettsøknad til styremøtet i september med utgangspunkt i drøftingane i møtet.

## **S 38/24 Språkstatus 2025**

**Sakspapir:** Notat frå direktør Åse Wetås

### **Referat:**

«Språkstatus 2025» skal presenterast i Prop. 1. Frist for levering er mars 2025.

Språkrådet har valt ut tre hovudtema for rapporten:

- kunnskapssektoren
- språkteknologi
- nynorsk som jamstilt skriftspråk

Språkrådet kjem til å levere eit større dokument samla sett enn det KUD kan bruke opp att i Prop. 1. Styret peikar på at det òg bør følgje med eit ekstrakt av den større rapporten til departementet, slik at vi gjev KUD støtte med tekstarbeidet til i Prop. 1.

**Vedtak:** Styret drøfta saka.

## **S 39/24 Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.

# Godkjenning

Protokoll frå møtet 6. juni 2024 er godkjent 19. september 2024.

Ingrid Vad Nilsen      Erik Bolstad

Heidi-Iren Wedlog Olsen      Toril Opsahl      Marianne Aasgaard

Svein Arne Orvik      Åse Wetås